

Økonor Gloppen (Rekneskapskontoret Gloppen AS) er eit autorisert rekneskapsførarselskap med 25 engasjerte medarbeidarar som tilbyr rekneskaps- og rådgjevingstenester til små og mellomstore bedrifter.

Selskapet har to søsterselskap, Økonor Eid og Økonor Førde, og til saman er vi vel 60 medarbeidarar og budsjetterer med ei omsetning i 2012 på ca. 40 mill.

Dagleg leiar i Økonor Gloppen skal over i ein ny bransje og vi søker difor ny person i stillinga.

Økonor Gloppen søker Dagleg leiar

Vi søker ein kvardagshelt som vil gjere ein helteinnsats for nokon av landets mest spennande kundar.

Stillinga som dagleg leiar vil krevje utdanning innanfor økonomi, administrasjon og/eller rekneskap/revisjon. Det er ynskjeleg med autorisasjon som rekneskapsfører og erfaring frå leiing av rekneskapskontor/-avdeling. Vi vil legge vekt på at du er entusiastisk og motivert med evne til positiv relasjonsbygging både overfor eigne tilsette og i forhold til marknaden og kundane. Økonor Gloppen vil delta i ei samla framtidig positiv utvikling av Økonor i Sogn og Fjordane

Stillinga vil krevje at du arbeider tett saman med selskapet sitt styre for å utvikle Økonor og kontoret innan eksisterande og nye tenesteområder. Du skal også vere ein fagleg ressurs for våre medarbeidarar og kundar.

Alle medarbeidarar i selskapet er rekneskapsførarar og det blir forventa at du som dagleg leiar også deltar i dei løpande leveransane og i forhold til viktige kundekontaktar. Det er ynskjeleg med kjennskap til det lokale og regionale næringslivet, men ikkje avgjerande då fleire av våre medarbeidarar kjenner marknaden godt.

Vi tilbyr

- Ei interessant leiarstilling i spennet mellom Økonor som nasjonal kjede og eit lokalt selskap/kontor.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø for positiv vidare utvikling.
- Gode løns- og arbeidsvilkår, inkl. kollektiv gruppe- og pensjonsforsikringar.

Økonor Accountor Group er landets største rekneskaps- og rådgivningskjede. Vi har 86 kontorstarar, 1000 høgt kvalifiserte medarbeidarar og 16000 kundar innanfor alle bransjar. I Økonor Accountor Group ynskjer vi å tilsette dei mest talentfulle menneska som har tal som lidenskap.

Vår visjon er å vere våre kundar sine kvardagsheltar gjennom å lette kvardagen og auke lønsemda.

Kontaktar:

Spørsmål om stillinga kan rettast til styreleiar Jon Gimmestad, tlf 952 04 840.

Er dette interessant for deg, kan du sende ein kortfatta søknad med CV.

Søknadsfrist: 3.februar 2012

Økonor Gloppen

Postboks 100

6821 Sandane

Tlf: 57 86 86 00

gloppen@okonor.no